

20 -

Institutt for fruktdyrking
Norges landbrukshøgskole
Stenslitrykk nr. 17

JORDBÆRSORTAR

Av

Kåre Valset

NLH 1973

Institutt for fruktdyrking
Norges landbrukshøgskole

Stensiltrykk nr. 17

J O R D B Æ R S O R T A R

Av

Kåre Valset

NLH 1973

F o r o r d

Stensiltrykk nr. 17, 1973 byggjer på stensiltrykk nr. 9, 1963 (ved Johannes Øydvin).

Det er gjort ein del mindre endringar i tekst og omtale for dei fleste sortane. Ein del sortar er tatt ut fordi ein har funni dei lite eller ikkje aktuelle i dag, t.d. Finn, Georg Soltwedel, Indra, Landia, Mannevik, Senga 29 og Senga 54.

Fleire nyare sortar er komme med, dels fordi ein del av dei alt er med i salsdyrkinga vår, dels fordi andre av dei bør prøvast vidare. Heilt nye sortar som etter omtale ser lovande ut, er dels berre nemnde, dels har dei fått ei kort omtale bygd på opplysningar frå foredlaren

Ås-NLH i september 1973

Kåre Valset

ABUNDANCE

- Opphav:** Ukjent. Sorten er kjend frå siste halvdel av det 19. hundreåret.
- Synonym:** Er ikkje identisk med nokon av dei to Abundance som Hedrick skildrar. Det er hittil ikkje funni morfologiske skilnader mellom seleksjonar frå Kvithamar og Kise og den Abundance ein har t.d. på NLH. Dei svenske seleksjonane Abundance Bergsjø og Abundance Vången er morfologisk ulike vanleg Abundance. Om seleksjonane av Abundance er fysiologisk ulike, er spørsmål som det framleis blir arbeidd med. Det er elles mange døme på at andre sortar er spreidda under namnet Abundance.
- Vekst:** Små til middels store planter, med open, flat vekst.
- Bladstilk:** Grøn, med tynt tilleggjande hårlag. Skjelblada er grøne.
- Blad:** Fargen er mørk grøn, glinsande. Forma flat og butt. Bladrandar har litt avrunda tannar. Vinkelen ved stilkfestet om lag 90°. Bladoversida er lett håra.
- Blomster:** Når langt utom bladverket, og det er svært mange pr. blomsterstand.
- Utløparar:** Svakt raudfarga, manga og lange.
- Bær:** Middels store til små, breirunde til runde. Ofta nyre- eller hanekamforma, særleg dei første bæra. Frøa er raude og sit djupt. Mørke-raude og med raudt kjøt. Faste bær med frisk, syrlig smak. Mogningstid middels tidleg til sein. Toler sending godt. Særleg på dei første bæra er bageret innsokke i bæret, og begerblada er helst tilleggjande. Er lette å hauste utan hams.
- Sjukdomar og skadedyr:** Svært utsett for jordbærbrunflekk. I ulagleg ver rotnar til vanleg ikkje bæra så mye som hos Senga Sengana. Er relativt sterk mot jordbærmidd.
- Dyrkingsverdi:** Abundance er eit typisk konservbær. Det gir eit svært godt syltetøy og er svært godt skikka til frysing og hermetisering. Sorten har lenge vori det viktigaste konservbæret i Noreg. Abundance hevdar seg svært godt i avlingsmengd, særleg når sorten blir dyrka nord i landet mot nordlegare breiddegrader. Frå Danmark har dei funni at Abundance trivst best på litt lettare jord. På leirjorda på NLH gir Abundance i regelen om lag 2/3 avling av det Senga Sengana gir. Største feilen med Abundance er at bæra fort blir for små. Dei er dyre å hauste, og ein får som regel lågare pris for dei t.d. i Oslo enn for meir storfrukta sortar. På grunn av jordbærbrunflekk og at

sorten dertil lett blir skadd under berrfrost, gjer at mange, særleg eldre planter, kan døy ut somme vintrar.

I eit sortsforsøk på Kise med planter frå Kvæfjord overvintra desse betre og gav større avling enn Abundance-planter frå Oslo-området. Seleksjon Abundance D 52, Kise, var hardigare og meir yterik enn Abundance frå NLH. Abundance har i dag mest interesse for dyrking nord i landet, slik tilfelle også er for Sverige.

ARMORE

Opphav: Blakemore x Aroma, 1940/1950 av H.G. Swartout, Mo.Agr.Exp.Sta., Missouri;

Synonym: Rød Cluster

Utløparar: Talrike

Bær: Middels store - store, kort kileforma til kort konisk, ujamne i form. Fast kjøt, lyst raudt og utprega søtt. Toler sending godt. Mognar middels tidleg til seint.

Sjukdomar: Utsett for jordbærbladflekk og mjøldogg.

Dyrkingsverdi: Ikkje prøvd her. Opgitt å bære svært rikt og setje mest pris på lett leirjord.

AROMA

Opphav: Senga Sengana x Dybdahl. Utsend av A. Tønder, Hederslev, Danmark.

Vekst: Liknar heilt på Senga Sengana, men er i Danmark funnen å ha litt dårlegare smak enn denne.

ASIETA

Opphav: Madame Moutot x Hansa. Foredlaren ukjend. Utsend 1961 av Ahrens og Siebers, Tyskland.

Bær: Middels store bær. Runde til hjarteforma, ofte litt riflete, faste, god konsistens. Mørkerøde, kjøtet mørkeraudt, godt gjennomfarga; god, litt syrlig smak. Mogningstida er sein. Litt vanskeleg å hamse.

Sjukdomar og skadedyr: Sterk mot gråskimmel.

Dyrkingsverdi: Sorten er ikkje prøvd ved NLH (1973). Andre oppgir at sorten gir stor avling (litt under S.Sengana), er god til frysing og konservering og skal eigne seg særleg godt ved framstilling av iskrøm. I kvalitet har Asleta fått litt høgre poeng enn S.Sengana, særleg i lukt og konsistens.

AUCHINCRAIVE CLIMAX, sjå CLIMAX

BENAMIL

Til NLH i 1972.

BOUNTY

Til NLH i 1972.

BELRUBI

Opphav:

Bær: Store - svært store, lange - ovalt koniske. Skarlaken til mørke-
raude, glinsande. Kjøtet er fast, mørkt raudt, gjennomfarga, sterkt
syrlig, litt søtsmak, bra aroma. Lett å hausta.

CAMBRIDGE FAVOURITE

Opphav: Frøplante av (Chile-jordbær x Avert Tout) x Blakemore, 1944/1947,
alen fram av D. Boyes, Cambridge, England.

Vekst: Middels kraftig, open, lysegrøne, glinsande blad.

Blomster: Middels tidleg og når opp i høgd med bladverket.

Bær: Store og held storleiken godt oppe. Mognar middels tidleg. Begeret
er stort og losnar tidleg lett. Kort kjegleforma. Einsarta i stor-
leik og form. Lyst oransjeraude. Kjøtet lyst raudt, ikkje gjennom-
farga. Middels fast konsistens. Litt syrlig smak, aromatisk.

Utløparar: Raudlege, tidlege.

Sjukdomar: Svært sterk mot mjøldogg.

Dyrkingsverdi: Lang haustesesong. Svært god til hermetisering og som dessertbær.
Toler sending bra. Utgjorde 70 % av jordbæravlinga i England i 1962.

CAMBRIDGE VIGOUR

- Opphav: Frøplante US 3378 (Aberdeen x Fairfax) x Early Cambridge, i handelen 1946; alen fram av D. Boyes, Cambridge, England.
- Vekst: Opprett, kraftig. Blada matte til glinsande.
- Blomster: Dei fleste utviklast under bladverket.
- Utløparar: Mange, kraftige med utstående hår.
- Bær: Store til middels store. Mogningstid tidleg til middels tidleg. Bergeret sit tolleg fast. Kantete, tilspisst hjarteforma bær, vakkert raude. Kjøtet lyst raudt. Fast konsistens, syrlig, god smak. Utgjorde 20 % av jordbæravlinga i England i 1962, men har seinare gått attende.
- Sjukdomar: Sterkt utsett for mjøldogg, men svært resistant mot raud marg.

CLIMAX

- Opphav: Frøplante TD 8 (etter Frith) x Aberdeen, 1939/1947, alen fram av R.D. Reid, Auchincruive, Skottland.
- Synonym: Auchincruive Climax.
- Bær: Store til middels store, kort til langt kjegleforma med djuptsitjande frø. Fruktkjøtet er lyseraudt, fast, svakt syrlig, god smak. Mogningstid middels tidleg til sein.
- Sjukdomar og skadedyr: Climax er resistant mot raud marg (*Phytophthora fragariae*), men synte seg svært utsett for junigulsjuke. I norske forsøk har Climax gått for lita avling og er også her skadd av junigulsjuke. Kan ikkje tilrådest dyrka.

CRUSADER

- Opphav: Auchincruive frøplante (50 x 5) x Cambridge Vigour 1957/1966, laga av R.D. Reid, Auchincruive, Skottland. Til NLH 1970.
- Vekst: Opprett, kraftigveksande.

Bær: Store til middels store, kort koniske med avrunda spiss. Fargen lys raud til mørk raud, mørknar etter hausting. Kjøtet kvitt midt i bæret og lyseraudt i den ytre delen, syrleg - søtt og aromatisk. Mognings-tid middels tidleg, litt før Redgauntlet.

Sjukdomar og skadedyr: Resistent mot raud mærg (*Phytophthora fragariae*); utsett for mjøldogg.

DEUTSCH EVERN

Opphav: Frøplante (Helgoland x Königin der Frühen) x frøplante (Königin der Frühen x Garteninspektor Koch) laga av J. Böttner, før 1900. Innført frå Tyskland til Vollen i Asker i 1907, til NLH i 1914.

Vekst: Middels store planter, opprett vekst.

Bladstilk: Grøn, med utsperra hårlag, stilkflikar vanleg. Skjelblada er raude.

Blad: Lyst grøne. Forma flat til litt konkav, litt bukla. Vinkel med stilkfeste over 90°. Bladoversida middels til svakt håra.

Blomster: Dei fleste når utom bladverket.

Utløparar: Raude, middels tairike.

Bær: Middels store til små. Dei fleste er kort kjegleforma, dei siste små og langt kjegleforma. Grøne, gruntsitjande frø. Bæret er lyseraudt, med tendens til lys spiss. Kjøtet er rosa, bæra til vanleg lauskjøta og har dårleg transportevne. Søte bær med god smak. Begerblada smale, tilliggjande. Mognar tidleg.

Sjukdomar og skadedyr: Er svært utsett for mjøldogg og rotnar lett i ulagleg haustver (*Botrytis*).

Dyrkingsverdi: Dessertbær. God til driving i benk. Var tidlegare den mest nytta tidlegsorten hos oss. Men avlinga har i norske forsøk vori om lag halvparten så stor som for Ydun. Avlinga avtar raskt med åra.

DIREKTOR PAUL WALLBAUM

Opphav: Georg Soltwedel x Frau Mieze Schindler, alen fram av K.P. Thiele, Hannover, 1953.

Synonym: Paul Wallbaum

- Vekst:** Middels kraftig, flat.
- Blad:** Blågrøne, litt glinsande. Dei to nedste småblada kan vera spalta ned til basis.
- Blomster:** Ingen pollanblad, Når ut i høgd med bladverket.
- Utløparar:** Raudlege, med litt opprette hår.
- Bær:** Middels store til små. Mogningstid sein. Spisst hjarteforma, nokså glinsande mørkerøde. Kjøtet er lyseraudt, ikkje gjennomfarga. Blaut konsistens. Søt smak utan særleg aroma. Toler ikkje sending særleg godt.
- Sjukdomar og skadedyr:** Kan bli sterkt skadd av mjøldogg.

DYBDAHL

- Opphav:** Ukjent; funnen av H.H. Larsen, Rislund, Århus, omtala første gongen i 1909. Til NLH i 1924.
- Synonym:** Det er hevda at sorten kan vere identisk med King George (Laxton-sort), men det er ikkje rett. I Danmark er det gjort utval i Dybdahl, t.d. Dybdahl 12 og Dybdahl Spangsbjerg. Den første har litt veikare vekst enn Dybdahl Spangsbjerg. Elles er det ikkje påvist morfologiske skilnader mellom desse to. På Statens gartnerskole Dømmesmoen er det også gjort utval i Dybdahl. Hittil er det ikkje funni skilnader mellom desse seleksjonane.
- Vekst:** Middels store planter, open, flat vekst.
- Bladstilk:** Ofte raudfarga. Tilliggjande hårlag. Skjelblada er litt raudfarga.
- Blad:** Glinsande grøn farge. Midtbladet like langt som breitt. Blada er litt konkave, litt folda. Vinkelen ved stilkfestet myo større enn 90°. Bladoversida er litt håra.
- Blomster:** Store og når utom bladverket.
- Utløparar:** Raude, middels talrike.
- Bær:** Store, dei første er hanekamforma, seinare er dei kort kjegleforma, litt halsa. Frøa er raude og sit grunt. Lys raud farge, også i frukt-kjøtet. Tolleg faste bær. Mild, svært god smak. Mogningstid middels tidleg. Transportevna er god. Begeret er avrunda med laust tilliggjande begerblad.
- Sjukdomar og skadedyr:** Kan bli sterkt skadd av jordbærål.

Dyrkingsverdi: Dessertbær med høg salsverdi. Har i norske forsøk gitt om lag halvparten så stor avling som Senga Sengana. Kan ikkje tilrådest i salsdyrkinga.

ELISTA

- Opphav: (Jucunda (sjølvpoll.) x US 3736; frå IVT, Wageningen, Nederland, 1955/1965; til NLH 1970.
- Vekst: Open, middels sterk vekst. Nokså mange utløparar. Ikkje særleg bladrik.
- Blomster: Blomstringstid sein. Dei fleste blomstrane når ikkje utom bladverket.
- Bær: Mogningstida er middels sein til sein. Middels store til store, avrunda kjegleforma. Fargen lyseraud. Frøa sit djupt. Kjøtet er raudt, laust, saftig, friskt i smaken, utan aroma. Toler ikkje godt sending. Dessertbær, men også til konserving. Litt særmerkt aroma.
- Sjukdomar og skadedyr: Sterk mot gråskimmel og mjøldogg i danske forsøk.
- Dyrkingsverdi: På grunn av planteveksten kan Elista plantast tettare i radene enn fleste andre sortar. Bæra er lette å hauste, men ikkje så lett utan hams. Førebels resultat frå forsøk ved NLH tyder på at Elista ikkje alltid greier å hevde seg i avlingsmengd. Det same syner svenske forsøk (1971).

FRESNO

- Opphav: Lassen x California 42·8-16, 1955/1961, alen fram av R.S. Bringham, California.
- Vekst: Svært kraftig med mange utløparar.
- Bær: Dessertbær, store, jamne; forma er lang til konisk. Losnar lett frå begeret. Lysare raud enn Lassen, tiltalende farge. Konsistensen er fast, god kvalitet, betre enn Lassen og mognar samstundes med den.
- Dyrkingsverdi: Meir utsett for virus enn Lassen. Vanleg dyrka i California (1972).

GLASA

- Opphav: Howard 17 x Deutsch Evern, 1949/1957, i Zaltbommel i Nederland.
- Vekst: Middels store - små planter, open vekst, mange utløparar.
- Bær: Store til middels store, kjegleforma, glansfylte, lyseraude, bra fast konsistens, litt syrlige, god smak. Mognar svært tidleg.
- Sjukdomar og skadedyr: Svært utsett for mjøldogg. Utsett for bladål.
- Dyrkingsverdi: I Nederland blir Glasa berre tilrådd dyrka under glas e.l. Mognar før Deutsch Evern og har der gitt større avling enn denne. I drivingsforsøk i kaldhus på NLH har Glasa mogna like tidleg som Xenion, hatt større bær, men gitt mindre avling. Bør prøvast vidare.

GORELLA

- Opphav: Juspa x frøplante US 3763, 1955/1960, laga ved IVT, Wageningen. Til NLH i 1960.
- Vekst: Middels kraftig, opprett, laus vekst.
- Bladstilk: Lang og tjukk med utsperra hårlag. Skjelblada er lyseraude.
- Blad: Store, mørkt grøne, djupe og svakt avrunda bladtakkar. Vinkel ved stilkfestet mykje over 90° , 4-5 kopta blad er nokså vanleg.
- Blomster: Svært tjukk og stiv blomsterstilk. Få blomster som sit i høg med eller litt under bladverket.
- Utløparar: Tidlege og kraftige. Grøne, litt raudlege med utståande hårlag. Middels mange småplanter.
- Bær: Svært store, riflete, kjegleforma, litt halsa bær. Nøttene ligg nokså djupt. Middels raude, sterkt glinsande. Kjøtet er gjennomfarga raudt, fast og har bra smak. Mognar tidleg til middels tidleg. Begeret er stort og er lett å hamse.
- Sjukdomar og skadedyr: Nokså mottakeleg for gråskimmel på bæra.
- Dyrkingsverdi: Dessertbær. Har ikkje vore med i nordiske forsøk. I Nederland har Gorella gitt nesten like stor avling som Senga Sengana og hatt større bær. Gorella er under prøving m.a. ved NLH.

GUARDSMAN

- Opphav: Clarible x Sparkle, 1948/1957, Ottawa, Canada. Til NLH frå Ottawa i 1958.
- Synonym: Ottawa 484.
- Vekst: Kraftig, med mange, kraftige utløparar. Unge blad er påtakeleg lyst grøne, glinsande.
- Bær: Middels store til store, kort kjegleforma til runde, lysande raudfarge. ^{mørk} Kjøtet er fast og mørkeraudt. Mognar seint. God til frysing og syltety.
- Sjukdomar og skadedyr: Berre litt utsett for gråskimmel.

ILSE

- Opphav: Ukjent.
- Synonym: Truleg identisk med Herzbergs Triumph (Gartenbaudirektor Langer x Mieze Schindler), 1949 av Herzberg, Wefensleben.
- Vekst: Middels kraftig, flat vokstmåte. Mørkegrøne blad.
- Blomster: Remonterande. Sit litt under eller i høgde med bladverket.
- Utløparar: Utviklast seint, grøne med litt raudt.
- Bær: Små til middels store. Kort kjegleforma til runde. Sterkt raude, glinsande. Kjøtet lyst - nesten kvitt. Litt laus konsistens. Frisk, god smak.
- Sjukdomar: Utsett for mjøldogg.

INDRA

- Opphav: Southland x Luna, Alnarp, 1936/1951. Til NLH 1952.
- Bær: Middels store til små. Faste bær med sær god smak. Mognar middels tidleg.
- Dyrkingsverdi: I svenske og norske forsøk like stor eller litt mindre avling enn Abundance. God dessertbær, men kan ikkje tilrå sorten til salsdyrking. Nærare detaljar: Sveriges Pomologiska Förenings Årsskrift 1950.

JONSOK

- Opphav: Senga Sengana x Valentine; NLH, 1963/1971.
- Vekst: Tett og låg vekstmåte, bladverk og farge minner elles om Senga Sengana; Jonsok kanskje ikkje så høg, opprett vekstmåte som Senga Sengana. Relativt mange utløparar.
- (Førebels notat; nærare detaljar sesongen 1974)

JUCUNDA

- Opphav: Ukjent. Jucunda er aen fram av J. Salter, England, i 1854. Til NLH i 1952.
- Synonym: Amazone i Nederland, og m.a. Walluff i Tyskland. I Skandinavia også spreidd under namnet Guldgruben.
- Vekst: Små planter.
- Bladstilk: Tynt, tilliggjande hårlag. Skjelblada er sterkt raude.
- Blada: Midtbladet om lag like langt som det er breidt. Vinkelen ved stilkfestet er oftast over 90°. Blada er flate. Bladoversida middels tett håra.
- Blomster: Når litt utom bladverket.
- Utløparar: Svakt raudfarga.
- Bær: Breirunde, ofte nyre- eller hanekamforma, med raude gruntsitjande fro. Bærfargen er mørk raud, litt lysare kjøt. Faste bær, litt syrlege, helst lite god smak. Mognar seint. Tilliggjande begerblad.
- Dyrkingsverdi: Konservbær, ikkje dyrka her i landet, framleis i bruk i Nederland, men ikkje tilrådd i salsdyrkinga.

JULIA

- Opphav: Späte von Leopoldshall x Abundance, Alnarp, 1924/1952. Til NLH i 1955.
- Dyrkingsverdi: Konservbær, litt seinare enn Abundance, om lag like stor avling, men ikkje så god kvalitet. Er vinterherdig og blir ikkje så skadd av jordbærbrunfleck som Abundance. Kan ikkje tilrå planting av Julia.
- Nærare detaljar: Sveriges Pomologiska Förenings Årsskrift 1953.

JUSPA

- Opphav: Jucunda x Sparkle; 1949/1957, IVT, Wageningen, Nederland. Til NLH 1958.
- Vekst: Middels kraftig, opprett, tett.
- Blomster: Store, dei fleste er gøynde litt under bladverket.
- Utløparar: Litt raudlege, talrike.
- Bær: Middels store, kamforma til kjegleforma. Lyst til middels raude med oransjefarga kjøt. Liknar på Jucunda. Tolleg faste til lite faste, god smak. Slepper begeret lett. Mogningstid middels tidleg.
- Dyrkingsverdi: Sorten har vori med i danske forsøk (991. Beretning) og gav middels stor avling, godt under Senga Sengana og Zefyr. I nederlandske forsøk om lag like stor avling som Senga Sengana, men er mindre utsett for gråskimmel. Juspa er nokså utsett for mjøldogg. Er ikkje tilrådd for salsdyrking i Nederland (1967).

JUVENTA

- Opphav: Senga Sengana x 869/51 (Ydun x Temple), 1957, Spangsbjerg, Danmark.
- Synonym: Spangsbjerg 5537/57.
- Vekst: Middels kraftig, nokså tett. Rikeleg med utløparar.
- Bladstilk: Grøn, med utstående hår.
- Bær: Middels store, etter kvart små. Kort kjegleforma, runde til flatrunde. Fargen djup raud, jamn, kjøtet mørkeraudt, mot midten lyst. Frøa (steinfruktene) er raud-gule i grunne gropar. Slepper hansen nokså lett. Söt smak, fin aroma og fast konsistens. Toler godt sending.
- Sjukdomar og skadedyr: Sterk mot mjøldogg, lite utsett for gråskimmel.
- Dyrkingsverdi: I danske forsøk (991. Beretning) ein av dei mest yterike, (men under Senga Sengana, Elista, Aroma og Guardsman).

KRISTINA

- Opphav: Senga Sengana x Valentine, 1957/1968, den første jordbærsorten frå Balsgård, Sverige.
- Synonym: BF 2608, "Midsommar".
- Vekst: Middels kraftig, låg, tolleg open. Opprette blomsterklasar.

Bær: Middels store til små, runde eller kort koniske. Lysande raudfarge, kjøtet gjennomfarga raudt, fast, syrleg og tolleg aromatisk. Mognings-
tid tidleg; 10-12 dagar før Senga Sengana.

Sjukdomar og skadedyr: Tyder på å vere sterk mot gråskimmel og mjøldogg.

Dyrkingsverdi: I svenske forsøk er Kristina nr. 6 av 8 sortar i avling (etter t.d. Zefyr og Senga Sengana). Førebels resultat ved NLH syner at Kristina står som nr. 2 av 10 sortar og nær opp til Senga Sengana. Toler godt transport. Lang haustesesong. Bæra (og blomstrane) sit i regelen for gøynde i bladverket og er derfor sein å hauste. Bra som dessertbær og betre til frysing enn Senga Sengana. Får lett kvitbrokete blad (juni-
gulsjuke). Førstegongsskilddring i Bærodjaren, 1968 (4):13-15.

LASSEN

Opphav: California 21·9 x Calif. 161·1, 1936/1945, alen fram av H.E. Thomas og E. von Goldsmith, California.

Bær: Store og held storleiken godt oppe. Forma er kort konisk til rund, varierer ein god del slik. Fargen er lys raud, lauskjøta, saftig. Ingen aroma.

Dyrkingsverdi: Bær godt, er sterk mot virus.

LIHAMA

Opphav: Ukjent. I handelen 1961 ved H. Froeberg-Suberg, Soest, Tyskland.

Vekst: Middels kraftig til svak, opprett.

Blad: Mørkegrøne, glatte, litt glinsande. Bladstilken grøn med få, utstående hår.

Blomster: Middels store. Blomstrar og mognar tidleg. Når opp i høgd med bladverket.

Utløparar: Nokså kraftige, litt raudfarga.

Bær: Middels store - små sist i sesongen. Mognar tidleg. Begeret losnar nokså lett. Ujamne, litt knudrete. Runde til konisk hjarteforma. Mørkeraude med bruntone. Kjøtet nesten heilt gjennomfarga, raudt. Bra konsistens. Sterkt syrleg, kraftig smak. Middels god for sending og i evne til å halde seg på lager.

Sjukdomar og skadedyr: Nokså mottakeleg for gråskimmel, kan bli litt skadd av mjøldogg.

Dyrkingsverdi: Konservbær, for syrleg som dessertbær. Kan ha verdi som tidlegbær. I tyske forsøk den nesttidlegaste, etter Senga Precosa. I danske forsøk (1991. Beretning) har Lihama i avling nådd nær opp til gjennomsnittet for 17 sortar. Ein mangel som også tel sterkt med i dag, er at bæra blir for små og er ujamne. Fargen kan og verke noe for mørk. Etter danske forsøk eignar sorten seg god for ulike konservformål og frysing.

MACHERAUCHS DAUERERNT

Opphav: Ada Herzberg x Prinz Julius Ernst, ? /1956, alen fram av . Macherauch, Tyskland.

Vekst: Remonterande, storfrukta.

MACHERAUCHS FRÜHERNTE

Opphav: Deutsch Evern x amerikansk frøplante (Geneva), 1936/1951. Laga ved Max Planck Institut, Tyskland. Til NLH i 1955.

Vekst: Middels store planter.

Bladstilk: Utsperra hårlag. Skjelblada er lyseraude.

Blad: Fargen er mørk grøn. Blada er middels store. Midtbladet er mye lengre enn breidt. Bladform svært konkav. Bladtakkane er djupe og spisse, oftast overlappa ved grunnen. Vinkel ved stilkføstet mindre enn 90°. Bladoversida er tett håra.

Blomster: Sit gøynde eller er i høgd med blada.

Utløparar: Raude, mange.

Bær: Middels store, dei første er kort kjegleforma, dei seinare er små og langt kjegleforma, ofte halsa. Frøa er grøne og sit djupt i bæret. Fargen er middels raud til mørk raud, kjøtet er lyst. Tøllæg faste bær, med god smak. Mognar tidleg. Begeret er avrunda, stort, med lange, smale, ofte tilbakebøyde begerblad.

Sjukdomar og skadedyr: Svært mottakeleg for mjøldogg og jordbærål.

Dyrkingsverdi: Dessertbær. Sorten er skikka til driving. Seinare mogen (4-5 dagar) enn Senga Precosa, men litt tidlegare enn Deutsch Evern, og har gitt litt større avling enn denne i danske frilandsforsøk. Samanlikna med Senga Sengana er avlinga lita, om lag 60 % av denne. Ved planting på seng, 4 rader, 30 x 30 cm, har ein på NLH oppnådd stor avling også på friland. Macherauchs Frühernte kan tilråast til prøving på tidlege stader, jamvel om bæra er små.

Macherauchs Marieve, sjå MARIEVA

MACHERAUCHS SPATERNTE

Opphav: Frau Mieze Schindler x Georg Soltwedel.

Sein mogningstid. Men er svært utsett for mjøldogg og bør ikkje dyrkast.

MARIEVA

Opphav: Georg Soltwedel x hybrid 32/74, alen fram av O. Macherauch, Tyskland, i handelen 1962.

Synonym: Macherauchs Marieva.

Vekst: Middels kraftig, opprett.

Blad: Mørkegrøne, glatte, litt nedbøygd bladrand. Bladstilken grøn, sterkt håra, med utstående hår. Skjelblada grøne med litt raudt.

Blomster: Middels store og står i høgd med bladverket.

Utløparar: Kraftige, litt raude med tilliggjande hår.

Bær: Middels store, små sist i sesongen. Mogningstid tidleg til middels tidleg. Slepper hamsen tolleg lett. Forma er avlangt flat, litt kantet. Fargen sterkt raud, klar; kjøtet lyst raudt, men ikkje gjennomfarga. God til mindre god konsistens. Smaken søt, god. Toler ikkje sending særleg godt.

Sjukdomar og skadedyr: Utsett for mjøldogg.

MERTON DAWN

Opphav:

Vekst: Grovt, lyst bladverk, låg vekstmåte. Mange utløparar.
Mød i sortsforsøk ved NLH frå 1972.

MERTON HERALD

Opphav: Tennessee Beauty x Royal Sovereign, 1953/1965, laga av Hædle y Williams, John Innes Institute, Bayfordbury, England.

Dyrkingsverdi: Oppgitt å vere tidlegare og sterkare mot mjøldogg enn Royal Sovereign, men av same gode kvalitet.

MERTON PRINCESS

Opphav: Royal Sovereign x Merton 31 (kanskje Northstar), 1952/1957; alen fram ved John Innes Institute, England. Til NLH i 1959.

Vekst: Store planter, opprett, laus vekst.

Bær: Svært store til store, runde til koniske, lyst raude. Lause bær med vassen, svak smak. Middels seint mogen.

Sjukdomar og skadedyr: Resistent mot mjøldogg, men utsett for gråskimmel.

Dyrkingsverdi: Dessertbær. Har gitt stor avling i Nederland og i kaldhus ved NLH. For dårleg kvalitet.

MIEZE SCHINDLER

Opphav: Lucida perfecta x Johannes Müller, ca. 1925/1933, laga av professor Schindler, Tyskland. Til NLH i 1952.

Synonym: Frau Mieze Schindler. I Danmark har sorten vori seld under namnet Lundebakke.

Vekst: Helst små planter med flat vekst.

Bladstilk: Grøn, med utsperra hårlag, stilkflikar vanleg. Skjelblada er raude.

Blad: Mørkt grøne, noko læraktige, flate blad, grunne og avrunda bladtakkar. Vinkel ved stilkfestet ofte over 90°.

Blomster: Manglar pollenblad.

Utløparar: Raude, lange og med tilliggjande hår. Mange småplanter.

Bær: Breirunde med raude, djuptsitjande frø. Bærfargen er mørk raud, mot midten lys. Tolleg faste. God smak. Mognar seint. Begeret slit djupt i bæret, tilbakebøyde begerbladspissar. Sorten er vanskeleg å hamsa.

Dyrkingsverdi: Dessertbær. Har ikkje vore med i norske forsøk. I Danmark har den gitt helst lita avling.

NJØS GLIMA

Opphav: Senga Sengana x Valentine, 1968/ ? , Njøs.
Med i sortsforsøk ved NLH frå 1972.

Vekst: Minner om bladverket og vekstmåten hos Jonsok og Senga Sengana. Få utløparar.

Bær: Svært faste, toler lengre lagring (sending?) enn Senga Sengana. Glansfulle (derfor namnet). Forma er vakker. Mognar 10-12 dagar før Senga Sengana og har litt mindre bær ($\frac{1}{2}$ gram).

NJØS HELLA

Opphav: Senga Sengana x Valentine, 1968/ ? , Njøs.
Med i sortsforsøk ved NLH frå 1972.

Vekst: Om lag som Njøs Glima, men litt kraftigare, rikare bladverk og med fleire utløparar. Få, men kraftige sidekroner.

Bær: Jamne, pene, store bær. Held bærstorleiken godt oppe i eldre felt. I veke tidlegare mogen enn Senga Sengana, men like utsett for Botrytis og mjøldogg.

ORANDA

Opphav: Deutsch Evern x Temple, 1949/1957, laga ved IVT, Wageningen.
Til NLH i 1958.

Vekst: Middels store planter, nokså kraftig, opprett vekst.

Blad: Rik bladutvikling, bladstilken har utpressa hårlag.

Blomster: Del fleste er gøymda i bladverket.

Bær: Middels store, kjegleforma, jamn bærform. Oransjeraud farge, fast konsistens, god smak. Mognar tidleg, om lag som Deutsch Evern. Tendens til holrom i bæra.

Dyrkingsverdi: Er svært utsett for mjøldogg.

OSTARA

Opphav: Redgauntlet x Macherauchs Dauærernte, 1962/1969, alen fram ved IVT, Wageningen. Remonterande.

Synonym: I.V.T. 64504-selectie E.

Vekst: Kraftig, open med mørkegrønt bladverk.

Blomster: Riktblomstrand, lange, rikt greina blomsterstandar som når over bladverket. Krev derfor større planteavstand enn Revada og Rabunda.

Bær: Store, einsarta kjegleforma, lysande raudfarga, fastkjøta. Kjøtet raudt, saftig, god smak og fin aroma. Riktberande; større avling og større bær enn Revada.

POCAHONTAS

Opphav: Tennessee Shipper x Midland, 1946/1953, laga av D.H. Scott og G.M. Darrow, Beltsville, USA.

Vekst: Middels kraftig. Blada lyst grøne, litt buklete. Bladstilken grøn, tett med utstående hår.

Rankene talrike, kraftige, grøne med litt raudt.

Blomster: Middels store. Ein del kronblad kan bli sitjande att på bæra.

Bær: Middels store. Bøgeret lite og er lett å hamse. Kort konisk til kjegleforma til runde; oransjeraude. Kjøtet lyseraudt, gjennomfarga. Middels fast til fast konsistens. Syrleg, utan særleg aroma. Dessertbær. Toler sending godt. Mogningstid tidleg. På Kvithamar ca. 7 dagar før Abundance og Senga Sengana, og 2-4 dagar etter Zefyr.

Sjukdomar og skadedyr: Litt utsett for mjøldogg. Sterk mot jordbærbrunflekk og dels augeflekk.

Dyrkingsverdi: Godt dessertbær. God til frysing. Etter forsøka på Kvithamar er det derimot gitt uttrykk for at sorten ikkje har føremøner framfor Senga Sengana og Zefyr og bør knapt bli med i salsdyrkinga.

PURPURATHA

Polsk sort, industribær. Mørkeraud. Til prøving på Njøs (1970).

RABUNDA

- Opphav: Rødgautlet x Repita, 1962/1969, ved IVT, Wageningen. Remonterande, storfrukta.
- Synonym: I.V.T. 64462 -selectie A.
- Vekst: Middels kraftig, opprett vekstmåte. Svakare vekst enn Revada. Set rikt med ranker.
- Blomster: Remonterande.
- Bær: Store, kjegleforma, ujamne, lyst oransjeraude, faste. Kjøtet er lyst til kvitt, saftig med nokså god smak, men med lite aroma. Ber like godt som Ostara. Lett å hauste. Få bær av 2. kvalitet.
- Dyrkingsverdi: Ikkje prøvd ved NLH (1973).

RAINIER

- Opphav: WSU 685 (Northwest x Sierra) x Columbia, 1962/1969, aLEN fram av C.D. Schwartze, Washington State Univ., USA. Namnet etter Mt. Rainier i Washington Cascade National Park.
- Synonym: WSU 1232.
- Vekst: Svært sterktveksande, store blad. Bladstilken er lang og vrir seg så blada blir ofte vridde delvis med undersida opp. Rikeleg med utløparar.
- Bær: Svært store og heldi storleiken godt oppe gjennom sesongen. Kileforma til koniske. Lysande raudfarge. Gule frø som ligg igrunne groper. Kjøtet er heilt gjennomfarga, lysande raudt. Begeret er stort med smalle, spisse blad. Vanskeleg å hamse. Mognar seint. Fast konsistens, lagrast godt og toler godt sending. God til frysing og konservering elles.
- Sjukdomar og skadedyr: Sterk mot mjøldogg og raud marg, men kan bli ein del skadd av gråskimmel.
- Dyrkingsverdi: God både som dessertbær og til konservering, men som industribær for vanskeleg å hamse og har for lang haustesesong.

RANGER

- Opphav: Texas x Missionary, 1935/1937, Texas Agr.Exp.Sta.
 Vekst: Kraftig, set rikt med utløparar.
 Blomster: Sit under bladverket.
 Bær: Store, jamt farga. Mogningstid tidleg. Riktberande.

REDGAUNTLET

- Opphav: New Jersey 1051 x Climax, 1946/1957, laga av Reid, Auchincruive, Skottland. Til NLH i 1959.
 Bær: Svært store, runde til kort kjegleforma. Skarlaken-farga eller mørkare. Kjøtet er kvitt med litt raudt. Kvalitet mindre god.
 Sjukdomar og skadedyr: Resistent mot raud marg (*Phytophthora fragariae*) og tolleg sterk mot gråskimmel på bæra.
 Dyrkingsverdi: For dårleg kvalitet til å kunne tilråast, men gir stor avling. Mogningstid 2-3 dagar før Senga Sengana. Kjølig ver under blomstring fører lett til mange misforma frukter.

REGINA

- Opphav: Amerikansk frøplante (Geneva) x Deutsch Evern, 1936/1951, laga ved Max Planck Institut, Tyskland. Til NLH i 1955.
 Vekst: Middels store til små planter, open, flat vekst.
 Bladstilk: Utsperra hårlag. Skjelblada er raude.
 Blad: Fargen er lys grøn. Blada er store med konkav form. Midtbladet er mye lengre enn breitt. Bladtakkane er djupe og spisse. Vinkel ved stilkfestet mindre enn 90°. På oversida er blada middels tett håra.
 Blomster: Store, dei fleste når utom bladverket.
 Utløparar: Raude.
 Bær: Store, langt kjegleforma, dei sist mogne oftast halse. Frøa er grøne og sit middels djupt. Bærfarge lys raud. Kjøtet er lyst raudt til nesten kvitt. Faste bær med svært god smak. Mognar tidleg, om lag 2 dagar før Deutsch Evern. Begeret er stort. Som regel tilliggjande begerblad. Dei største begerblada er lange og breie.

Sjukdomar og skadedyr: Utsett for mjøldogg.

Dyrkingsverdi: Dessertbær. Sorten er skikka til driving, men er knapt så tidleg mogen som Macherauchs Frühernte. Regina har større og ofte meir smaklege bær enn denne, men i avling ligg sorten under i danske frilandsforsøk. I norske forsøk har Regina vore blant dei minst produktive. Toler lite berrfrost.

REPITA

Opphav: Ada Herzberg x Climax, 1960/1965, alen fram ved IVT, Wageningen.

Vekst: Middels kraftig, brei med rikeleg utløparplanter.

Blomster: Remonterande, riktblomstrande. Blomstrar og bær også på utløparplantene same året.

Bær: Særleg dei første er store, seinare middels store med lysande raudfarge, Kjegleforma, bra faste. Mogningstid frå midt i juli til oktober (Holland). Saftige bær med god smak med temmeleg sterk aroma. Dessertbær.

Sjukdomar og skadedyr: Meir utsett for jordbærbrunfleck enn Revada og gir andre avlinga raskare.

REVADA

Opphav: Som Repita.

Vekst: Meir kraftigveksande enn Repita, friskt bladverk.

Blomster: Utviklast i høgd med, eller over bladverket. Remonterande.

Bær: Middels store til store, lyst oransjeraude, ikkje så aromatiske som Repita. Kjøtet fast.

Sjukdomar og skadedyr: Sjå Repita.

Dyrkingsverdi: Revada er sikrere å dyrke enn Repita (jfr. sjukdom) og gir i regelen høgre avling. I det heile ligg hausteprestasjonen for monterande jordbær lågare enn for eingongsberande jordbær (dvs. høgre kostnader pr. kg). I gjennomsnitt ligg bærkvaliteten noko under den for vanlege jordbær.

ROEM VAN BREDA

- Opphav: Foreldra er ukjente. Nederlandsk sort frå Breda. Til NLH i 1955.
- Vekst: Middels store til store planter.
- Bladstilk: Grøn, med utsperra hårlag, stilkflikar vanleg. Skjelblada er sterkt raude.
- Blad: Fargen er mørk grøn, glinsande. Bladforma er flat til konkav. Bladtakkane er middels djupe, breie og avrunda. På oversida er blada svært svakt håra. Vinkel ved stilkfestet over 90°.
- Blomster: Sit ofte utom bladverket.
- Utløparar: Svakt raudfarga.
- Bær: Middels store, kort kjegleforma og hanekamforma med grøne, djuptsitjande frø. Fargen er middels raud, kjøtet er lyseraudt. Bæra er faste og smaken tolleg god. Mognar tidleg. Begeret er avrunda, begerblada som regel tilliggjande.
- Dyrkingsverdi: Dessertbær som mognar om lag samstundes med eller litt etter Regina. Roem van Breda har gitt god avling i eit norsk frilandsforsøk og størst avling i eit drivingsforsøk i kaldhus. Som dessertbær og i handelsverdi ligg sorten likevel så mye under det ein må kravje i dag at sorten ikkje kan tilråast.

SEIERHERREN (1), sjå SIEGER

SENGA GIGANA

- Opphav: Frøplante (Rotkäppchen x Hansa) x Finn, 1950/1963, laga av R.v. Sengbusch, Hamburg.
- Synonym: Gigana.
- Vekst: Temmeleg kraftig, open, men opprett.
- Blad: Store, nokså lyst grøne, buklete, glinsande.
- Bladstilk: Grøn-raudleg med utståande hår. Skjelblada raudlege.
- Blomster: Store.
- Utløparar: Raudlege med få, utståande hår.

Bær: Svært store, kjegleforma, ofte ujamne. Jamn, klar raudfarge. Kjøtet lyseraudt, kvitt mot midten, grovt, trevli med lite smak. Ofte hole i midten. Laus konsistens. Begeret svært stort, lysegrønt, med tanna filkar. Mogningstid middels tidleg.

Dyrkingsverdi: Utsett for mjøldogg. Gir for liten avling og kvaliteten for dårleg som dessertbær og konservbær.

SENGA GOURMELLA

Opphav: Sendt ut frå Sengana G.m.b.H.

Bær: Svært fin aroma. Mogningstid litt før Senga Sengana.

SENGA LITESSA

Opphav: Sendt ut frå Sengana G.m.b.H. 1972.

Bær: Store, jamstore, faste bær med lysande raudt kjøt, med svært god aroma (dessertbær). Middels til sein mogningstid, 3 dagar før Senga Sengana.

Dyrkingsverdi: Gir stor avling. Er sterk mot sjukdomar og skadedyr.

SENGA PANTAGRUELLA

Opphav: Sendt ut frå Sengana G.m.b.H. 1971. Til NLH i 1973.

Bær: Store, fastkjøta, spisst kjegleforma med hals. Mognar tidleg.

SENGA PRECOSA

Opphav: Frøplante (Sparkle x Eva Macherauch) x Regina, 1953/1960, laga av R.v. Sengbusch, Hamburg. Til NLH i 1961.

Vekst: Middels store planter, open, flat vekst.

Bladstilk: Utsperre hårlag, grøn med litt raudt.

Blad: Store, litt konkave til flate blad.

Blomster: Står i høgd med eller litt over bladverket. Svært få blomster pr. blomsterstand.

Utløparar: Set tidleg og svært mange utløparar. Røde med litt utstående hår.

Bær: Store til middels store, stump kjegleforma til runde med grunslitjande brune og grøne nøtter. Fargen er lys raud, tiltalende, kjøtet er lyst raudt til kvitt. Middels faste. Söt, god smak. Mognar svært tidleg, 4-5 dagar før Macherouchs Frühernte.

Sjukdomar og skadedyr: Stort sett sterk mot parasittar, men kan få ein god del skade av mjöldogg.

Dyrkingsverdi: Dessertbær. I nederlandske forsøk har sorten gitt lita avling. Frå Tyskland er meldt at utbyttet er stort. I eit drivingsforsøk ved NLH var sorten blant dei med minst avling. For å få tilfredsstillande avling må ein truleg planta tett. Sorten er så tidleg mogen og har så god kvalitet at den likevel bør prøvast som tidlegsort og til driving.

SENGA PRECOSANA

Opphav: Regina x nr.-sort 1260. Alen fram av R.v. Sengbusch, Hamburg (Sengana G.m.b.H.), 1953/1966.

Vekst: Middels kraftig, nokså open.

Bladstilk: Grøn, med litt raudt, utstående hår. Sterkt raude skjelblad.

Blad: Store, nokså lyse, glinsande; skøiforma, oppoverbøygde.

Blomster: Middels store, i høgd med eller litt over bladverket.

Utløparar: Tjukke, sterkt raude, talrike, utstående hår.

Bær: Store. Mogningstid tidleg, 4-6 dagar etter Senga Precosa. Begeret stort og sit litt fast. Bærforma er litt ujamn, kort kjegleforma. Oransjeraude til mørkeraude, ofte med lys spiss. Kjøtet er lyst raudt, godt gjennomfarga. God konsistens. Smaken söt, litt syrleg med bra aroma. Toler bra sending og lagring.

Sjukdomar og skadedyr: Litt mottakeleg for mjöldogg.

Dyrkingsverdi: Er lett å plukke (store bær). Men har i danske forsøk (991. Beretning) lege noko under gjennomsnittet (for 14 sortar).

SENGA SENGANA

Opphav: Sieger x Märkøe, 1949/1954, laga av R.v. Sengbusch, Hamburg. I Norge under lisens ved A/S Norsk Frø i 1957. Til NLH 1955.

Vekst: Store planter, tett, opprett vekst. Djuptgåande rotsystem.

Bladstilk: Grøn, utsperra hårlag. Skjelblada er grøne.

Blad: Svært mørkt grøne, glinsande. Forma er flat til svakt konkav. Vinkel ved stilkfestet 90° eller større. Bladoversida svakt håra.

Blomster: Små til middels store, gøynde eller i høg med bladverket.

Utløparar: Svakt raudfarga, tjukke, mange utløparar.

Bær: Store til svært store, kort kjegleforma bær. Frøa er raude og grøne, og sit middels djupt. Mørkt raude til brunraude, ikkje heilt gjennomfarga, faste bær. Syrleg, god smak, stundom litt parfymert. Mognings-
tid middels tidleg til sein. Transportevne svært god.
Begeret er avrunda. Begerblada er breie og som regel tilliggjande. Stundom nokolunde lette å hamsa, andre tider vanskelege. Det er sagt at dei blir vanskelegare å hamsa når dei blir dyrka lengre nord i landet (ved lågare temperatur under mogninga).

Sjukdomar og skadedyr: Litt plaga av jordbæraugeflekk og raud marg. Bæra er svært utsette for gråskimmel.

Dyrkingsverdi: God som dessertbær, til sylting og frysing. Senga Sengana gir stor avling, om lag som Ydun ved NLH. Har om lag dobbelt så store bær som Abundance, og har vesentleg lågare produksjonskostnader enn denne, jamvel om den ikkje kan haustast utan hams. Senga Sengana kan dessverre rotne svært i ulagleg haustever. Det er grunn til å tru at dette har samanheng med at bæra utviklast i eller under det tette og kraftige bladverket; bæra tørkar derfor seint opp etter regn. Er det så, bør ikkje Senga Sengana plantast med for liten avstand, og ein må unngå at plantevæksten blir for kraftig. Dyrkinga av Senga Sengana har spreidd seg raskt i Norge og er på få år blitt hovudsort, som elles i Europa. Bæra er vanskelege å vasko reine på grunn av ujamn form og groper i overflata. Bæra har derfor lett for å bløytast opp og tape farge under vasking. Plantene er meir herdige enn Abundance. Største problemet er rotninga under bærmogninga.

SENGA TIGAIGA

Opphav: Sendt ut frå Sengana G.m.b.H. Til NLH i 1972.

Synonym: Tigeiga.

Vekst: Kraftig, svært grovt buklete, lyst bladverk, med breie, litt tilspissa småblad. Få utløparar, om lag som for Senga Sengana. Svært tett håra bladstenglar.

Bær: Mørkeraude, middels store til store. Lengre kjegleforma enn Senga Sengana. Har i tyske kvalitetsdømmingar fått høgre poeng enn Senga Sengana.

Dyrkingsverdi: Gir stor avling, større enn Senga Sengana, men under Vigoria i nederlandske forsøk. God til frysing.

SIEGER

Opphav: Kaiser Sämling x Laxton's Noble, 1893/1898, laga av J. Böttner, Tyskland. Sorten var tidlegare dyrka ein god del i Norge og var i somme bygder kring Bergen ein hovudsort. Til NLH i 1948.

Synonym: Seierherren, Askøybær.

Vekst: Middels store planter med flat vekst.

Bladstilk: Grøn, med utsperra hårlag. Skjelblada er svakt raudfarga.

Blad: Fargen er lys til middels grøn. Forma er flat til konkav. Bladtakkar middels djupe, spisse, litt overlappa. Vinkel ved stilkfestet over 90°. På oversida er blada svakt håra.

Blomster: Dei fleste er gøynde i bladverket.

Utløparar: Svakt raudfarga.

Bær: Store, høgrunde med raude, djuptsitjande frø. Fargen er middels raud, kjøtet er lyseraudt. Bæra er tolleg faste og smaken er god. Mognar middels tidleg. Begeret er avrunda; tilliggjande begerblad.

Sjukdomar og skadedyr: Blir litt skadd av jordbærbrunflekk. Sieger er kjend for å rotne mindre enn Deutsch Evern i regnver.

Dyrkingsverdi: Sieger er ikkje av dei mest produktive. I sortsforsøk på NLH og på Kise har sorten stått vesentleg dårlegare enn Abundance. Kan ikkje tilråast i salsdyrkinga i dag.

SILETZ

Opphav: To nummersortar: Oregon 2012 x Oregon 1816, 1949/1955. Alen fram av G.F. Waldo, Oregon, USA.

Synonym: U.S.-Oregon 2172.

Vekst: Middels kraftig, flat, samla.

- Blad: Friskt grøne, glinsande, håra. Stilken grøn med utstående hår. Skjelblada grøne til raudlege.
- Blomster: Store og står i høgd med bladverket.
- Utløparar: Veks ut seint, middels kraftige, grøne med svakt raudt.
- Bær: Middels store. Mogningstid sein til middels sein. Begeret losnar tolleg lett. Brøitt-runde bær, glinsande mørkeraude. Nøttene slit djupt. Kjøtet mørkeraudt, nesten gjennomfarga. Middels god konsistens, saftig, syrleg, skarpt aromatisk. Toler godt sending og lagring. Minner ein god del om Senga Sengana, men er mindre og har dårlegare kvalitet.
- Sjukdomar og skadedyr: Utsett for gråskimmel og kan få litt mjøldogg.
- Dyrkingsverdi: Sorten er lite prøvd hos oss, men etter danske forsøk ligg avlinga over gjennomsnittet (for 16 sortar). Eignar seg særleg godt som konserverbær, særleg til frysing. Sorten skal vere tørkesvak.

SIVETTA

- Opphav: Rødgauntlet x Gorella, 1965/1973, IVT, Wageningen.
- Synonym: I.V.T. 65315.
- Dyrkingsverdi: Etter nederlandske oppgøver mognar Sivetta middels tidleg. Litt tidlegare mogen enn Rødgauntlet. Bæra er store, jamne, kjegleforma med lysande oransjeraud farge. Sterkt syrlege bær med svak aroma. Kan lett haustast utan beger. Riktberande og høg prosent kvalitetsbær. Lagleg vekstform; middels kraftig, opprett med kraftige blomsterstandar. Dessertbær. I nederlandske forsøk har Sivetta gitt størst avling av Gorella, Rødgauntlet, Tenira og Tago, om lag 245 kg/ar (1971 og 1972).

SOESTER BORDESTOLZ d.s.s. Senga Sengana

SOLWETA

- Opphav: Georg Soltwedel x Senga Sengana.
- Synonym: Deutsch Everns Solweta.
- Vekst: Kraftig, frisk. Skal vere sterk mot tørke.

Bær: Store, kjegleforma, ved fullmogning mørkeraude til fioletttraude. Noe laus konsistens. Svakt syrleg smak, lite aroma. Bær rikt, men litt under Senga Sengana. Mognar seint.
Har truleg liten verdi for salsdyrkinga hos oss.

SONJANA

Opphav: Holstein x Sonja Horstmann. I handelen 1958. Alen opp av Reinhold Hummel, Tyskland.

Dyrkingsverdi: Remonterande. Dæra middels store, svært god aroma.

SOUTHLAND

Opphav: Ukjent. Sorten kom frå Nederland til Sverige kring 1920 og frå Sverige til NLH i 1945.

Synonym: Er ikkje identisk med den amerikanske Southland, som er laga av Darrow.

Vekst: Middels store planter med opprett vekst.

Bladstilk: Grøn, med tett, utsperra hårlag. Skjelblada er svakt raudfarga.

Blad: Lysegrøn, glinsande farge. Blada er flate. Bladtakkane er grunne til middels djupe. Vinekl ved stilkfestet ca. 90°. På oversida er blada tett håra.

Blomster: Southland manglar pollenblad.

Utløparar: Svakt raudfarga.

Bær: Store til middels store, kjegleforma med raude, gruntsitjande frø. Bærfargen er gulraud, kjøtet er lyseraudt. Faste og har svært god smak. Mognar tidleg. Begeret er flatt med tilliggjande begerblad.

Sjukdomar og skadedyr: Friskt bladverk.

Dyrkingsverdi: Dessertbær. Southland må ha pollensort. I norske forsøk har sorten da gitt større avling enn Deutsch Evorn og vore om lag like tidleg som denne. Tilgangen på tokjønna tidlegsortar er i dag så god at ein ikkje har bruk for Southland i salsdyrkinga.

SURPRISE DES HALLES

Opphav: Ukjent. I handelen 1929 av Guyot.

Vekst: Kraftig vekst, nokså lyst bladverk. Mange utløparar som er sterkt farga.

Dyrkingsverdi: Etter forsøk på Kise (1958-62) var konklusjonen at sorten bør prøvast vidare fordi han i avling stod som nr. 3, før Senga Sengana, men etter Abundance D 52 og Ydun. Mognar tidleg, har middels store bær, og er uvanleg rotsterk, lite utsett for mjøldogg og brunflekksjuke (sjå elles melding nr. 9 frå Kise).

TAGO

Opphav: Gorella x Talisman, 1964/1970, ved IVT, Wageningen.

Vekst: Middels kraftig, opprett.

Dyrkingsverdi: Dessertbær. Mognar seint. Store til svært store bær, kjegleforma, mørkeraude. Kjøtet er raudt, fast, saftig med god smak og aroma. Kan lett haustast utan hams. Sterkare mot gråskimmel enn Talisman, men utsett for raud marg. I nederlandske forsøk har Tago gitt større avling enn Gorella, men mindre enn Rødgauntlet.

TALISMAN

Opphav: New Jersey 1051 x Climax, 1946/1954, laga av R.D. Reid, Auchincruive, Skottland. Til NLH i 1959.

Bær: Svært store bær, kjegleforma og kileforma, ofte kantete, middels raudfarga. Kjøtet er raudt og fast. Dei største bæra kan vera hole. Smaken er søt og god, men kan bli nokså syrleg i kjølig ver. Mognar middels tidleg. Hamsen sit for fast på.

Sjukdomar og skadedyr: Resistent mot raud marg. Svært mottakeleg for gråskimmel på bæra.

Dyrkingsverdi: Talisman har gitt stor avling i engelske og nederlandske frilandsforsøk. Ved NLH har sorten gitt like tidleg og større avling enn Senga Sengana i kaldhus, men bæra har her vore for sure til å vera gode dessertbær. Sorten fortentar vidare prøving.

TAMELLA

- Opphav:** Gorella x Talisman, 1964/1970, frå IVT, Wageningen. Til NLH i 1972.
- Synonym:** I.V.T. 64252.
- Vekst:** Middels kraftig, opprett, samla, låg vekst. Småblada små, glatte, mid-
dels mørkegrøne.
- Bær:** Langt kjegleforma, svært store til middels store, skarlaken til mørke-
raude. Kjøtet gjennomfarga raudt, tolleg fast, saftig med god smak.
Lett å plukke utan hams. Sorten har arva dei store bæra til Gorella
og del mange bæra frå Talisman. Svært stor avling. Sorten mognar
seint. Mindre utsett for gråskimmøl på bæra enn Talisman og har synt
seg sterk mot raud marg.
- Dyrkingsverdi:** Dessertbær. På grunn av store bær stor avling, god kvalitet og
sein mogningstid bør Tamella prøvast også hos oss, m.a. med tanke på
å forlengje jordbærsesongen.

TEMPLAR

- Opphav:** Frøplante av Auchincruive II x Cambridge Vigour, 1957/1964, Mylnefield,
Skottland. Til NLH i 1970. (Ann.Rep.Scott.Hort.Inst., Mylnefield,
1964 og 1965, s. 75).
- Synonym:** A 38.
- Bær:** Lyseraude til mørkeraude bær. Kjøtet kvitt til lyseraudt, middels fast,
litt syrleg, saftrikt, med bra smak, lite aroma. Mogningstid middels
tidleg. Runde til koniske, store til middels store.
- Sjukdomar og skadedyr:** Sterk mot raud marg (*Phytophthora fragariae*), utsett for
gråskimmøl og dels mjøldogg.
- Dyrkingsverdi:** Ukjend for vårt land. I danske forsøk (991. Beretning) litt under
middels i avling (14 sortar).

TEMPLE

- Opphav:** Aberdeen x Fairfax, 1939/1943, ved Beltsville av G.M. Darrow.
Til NLH i 1959.
- Bær:** Større, tidlegare mogen og fastare kjøt enn Aberdeen og meir lysande
raud enn Fairfax.

Sjukdom og skadedyr: Svært sterk mot raud marg.

TENIRA

- Opphav: Rødgauntlet x Gorella, 1965/ ? , ved IVT, Wageningen.
- Synonym: I.V.T. 65304.
- Vekst: Nokså kraftig, tett.
- Bær: Dessertbær. Mogningstid middels tidleg til sein. Store, kjegleforma, glinsande raude, bule frø. Svært fast kjøtt som er raudt, saftig og med god smak. Hamsen sit laust. Lite utsett for rote på bæra og er sterk mot raud marg. I nederlandske forsøk har Tenira gitt større avling enn Gorella og Rødgauntlet.

TIOGA

- Opphav: Lassen x Cal. 4248-16, 1953/1963, alen fram av R.S. Bringhurst, California. Til NLH i 1972.
- Vekst: Kraftig.
- Bær: Store (12-14 g), langt konisk-kileforma, glinsande, middels raude. Frø gule. Kjøttet raudt, svært fast konsistens. God smak, middels syrlag. Framifrå til sending. Svært stor avling. Mogningstid tidleg.

VALENTINE

- Opphav: Howard 17 x Vanguard, 1927/1941, frå Ontario Hort.Exp.Sta., Vineland, Canada. Til NLH i 1952.
- Vekst: Svaktveksande. Er vanskeleg å få virusfrie planter. Virus kan vera forklaringa på svak vekst.
- Blomster: Sit gøynde eller står i høgd med bladverket.
- Bær: Eggforma med djuptsitjande nøtter. Mørkeraud bær- og kjøttfarge. Fast konsistens. God kvalitet. Mognar tidleg, samstundes med Deutsch Evern.
- Sjukdomar og skadedyr: Friskt bladverk. Særleg sterk mot gråskimmel.
- Dyrkingsverdi: Sorten har ikkje synt seg så lovande at han har vori med i sorts-forsøk ved NLH. Har vori mye nytta i foredlingsarbeidet.

VOLA

- Opphav: Bowa x Empire, 1953/1961, ved Zaltbommel, Nederland.
- Vekst: Middels kraftig, opprett. Blada er lyse, friskt grøne. Utløparane grøne med litt raudt, kraftige.
- Blomster: Utviklast i høgd med eller over bladverket.
- Bær: Dessertbær. Svært store til middels store, langt hjarteforma til korniske; bra faste. Smaken er god til svært god. Mognar middels tidleg.
- Dyrkingsverdi: Har gitt store avlinger i Nederland. I Noreg inga røynsle med sorten.

ZEFYR

- Opphav: Dybdahl x Valentine, 1952/1965, alen fram ved Statens forsøgsstation, Spangsbjerg. Til NLH i 1965.
- Synonym: Spangsbjerg 5143/52.
- Vekst: Middels kraftig, opprett, litt open.
- Blad: Mørkegrøne, middels store til store. Bladstilken er grøn med korte, utstående hår. Skjelblada er raude.
- Blomater: Store. Blomsterstanden sit litt under, dels i høgd med bladverket.
- Utløparar: Kraftige, grøne til raudlege med tilliggjande hår.
- Bær: Store, om lag som Senga Sengana, seinare middels store til små; ujamn storleik; kamforma til runde; liknar på Dybdahl. Sterkt raude, skarlaken. Ikkje heilt gjennomfarga. Store, lyse nøtter som sit litt nedsenka. Bra konsistens, litt lausare enn Senga Sengana. Middels god til sending. Smaken frisk, syrleg, fin kvalitet. Mogningstid tidleg, ca. 2 dagar etter Senga Precosa. Slepp ikkje hamsen lett.
- Sjukdomar og skadedyr: Er svært utsett for mjøldogg, men er sterkare mot gråskimmel enn Senga Sengana.
- Dyrkingsverdi: Godt dessertbær for friland og driving. Har gitt større avling enn Senga Sengana. Forutan å vere svært tidleg evnar han å gi ein ^{særleg} stor prosent av avlinga i første hausteveka. Mjøldoggen kan føre til at fargen på bæra verkar grå og blass.

XENION

- Opphav: Deutsch Eværn x Valentine, 1948/1960, alen fram ved Statens forsøgsstation, Spangsbjerg, Danmark. Til NLH i 1959.
- Synonym: Spangsbjerg 354/48.
- Vekst: Middels store planter, opprett vekst.
- Bladstilk: Utsperra hårlag. Skjelblada er raude.
- Blad: Mørkt grøne, svakt konkave. Einsarta noko avrunda bladtakkar. Vinkel ved stilkfestet 90° eller mindre.
- Blomster: Små og gjymde i bladverket.
- Utløparar: Raude, helst korte. Sorten gir mange utløparplanter.
- Bær: Middels store til små, runde og kort kjegleforma. Mørkeraude, kjøtet ikkje heilt gjennomfarga. Faste; syrleg smak. Mognar tidleg.
- Sjukdomar og skadedyr: Friskt bladverk. Svært sterk mot mjøldogg.
- Dyrkingsverdi: Dessertbær, mognar litt før Deutsch Eværn. Xenion har i danske forsøk gitt god avling ved driving i benk, på friland om lag som Deutsch Eværn. I kaldhus på NLH har Xenion gitt like stor avling som t.d. Senga Sengana, men har hatt surare smak. Bør prøvast som drivsort.

YDUN

- Opphav: Frøplante (Deutsch Eværn x Späte von Leopoldshall) x Culver, 1938/1948, laga ved Statens forsøgsstation, Spangsbjerg, Danmark. Til NLH i 1948.
- Synonym: Spangsbjerg Ydun.
- Vekst: Store planter, flat vekstform, nokså lyst bladverk, 4-kopla blad i blant.
- Blomster: Sit i høgd med bladverket.
- Utløparar: Raudfarga, mange småplanter.
- Bær: Store, kjegleforma, ofte med avflata spiss. Frøa er raude og sit djupt. Fargen er lys til middels raud, kjøtet er lyseraudt. Bæra har blaut konsistens, men har bra smak når den er utvikla i varmt ver. Mognar middels tidleg. Transportevna er dårleg. Begeret er flatt, begerblada ofte litt tilbakebøyde.
- Sjukdomar og skadedyr: Friske planter, bortsett frå "Ydunsjuken". Bæra er svært mottakelege for gråskimmel.

Dyrkingsverdi: Til friskbruk, men lite skikka til konservering. I forsøka har Ydun lege på topp når det gjeld avling, men kvaliteten vantar det mye på også som dessertbær. Ydun var lenge ein hovudsort i Noreg, men er i dag lite dyrka og bør gå ut av sortimentet vårt.

